



**I dag har det vore visning av den setraltliggjande garden Feet-Øvre. .Garden er bortforpakta og eigarar er Hilda og Kåre Guddal.**

**Eigedomen har odel, men ingen av odelsrettshavarane ønskjer å overta han.**

**Prisantydningen er 2 900 000 kroner for den 278 mål store garden.**

Garden har 42 dekar fulldyrka jord, 57 dekar innmarksbeite og 137 dekar produktiv skog som ligg oppover mot Englafjell.

Garden har ein mjølkekvote på 41.052 liter og mjølkeproduksjonen går føre seg i samdrift. Eigedomen har fiskerett i elva og rett til hjortejakt i samarbeid med naboeigedomar.

I verdivurderinga som Halldor Skare i Skjold har gjort heiter det at bygningane framstår generelt som godt vedlikehaldne og i god stand. driftsbygning, areal og mjølkekvote er godt tilpassa kvarandre.

Utifrå storleik, ressursgrunnlag og beliggenheit framstår eigedomen som ein attraktiov stad å bu, skriv Skare.

(Foto: Ola Matti Mathisen)